

Ein avhalds-mann.

Paa ein gard i Hardanger er det ein mann som heiter Torstein; han hev vore so hver all maate fæl til aa drikkja og tura.

Garden ligg eit heilt stykke upp ifraa sjøen. Der er tvo vegar dit upp: ein fliy-veg, som folk flest gjeng, og ein snarveg, som berre Torstein brukar, naar han vil fort fram.

Denne snarvegen er faarleg. Ein stad ligg han tett ute paa kanten av eit ende-bratt berg. Ei geit hev ein gong dotte uthver og slege seg i hel der; for nedunder er det ei fæl urd. I den urdi, nett nedunder bergstupet, stend det ein einstaka diger alm.

Ein dag sist i vaarvinna var Torstein nede ved sjøen og hadde drukke seg full. So skulde han heim. Folk bad honom vara seg og ikkje gaa den stygge snarvegen. Men han let at han var mann for seg; han kom fram full, han, der hitt krefet ikkje kom fram fastande, og han banna paa at han vilde gaa vegen sin.

Det vart kvelden fyrr han tok av stad; han gjeff vegen sin. Han steig fort og lett oppetter. Men daa han kom upp der som vegen ligg utpaa høgberget, daa tottest han sjaa tvo vegar. Han tok til vinstre og steig i lause lusti ut hver berget.


Daa han kom til seg sjølv, heff han i den store almen; han heff hver tvo greiner. Og beint under seg og rundt ifring saag han urdi, stor og fæl.

Han krafte ned or treet og sette seg i urdi. Der sat han til paa morgonsida, og drog seg so heim — fliy-vegen.

Han var so still vorten. Eit par dagar fyrr hadde han vore stad sét paa den almen, vilde hogga han til mat aat kyrne sine; for almen var fælt lauvrif. Han hadde alt gjort eit par hogg; men so vart det ikkje meir. Kor det kom seg, at han lét den almen staa, kunde han flett ikkje segja. Men e i n ting saag han no, at hadde han hogge almen, so hadde han vore ihelslegen no.

Han saag meir og. Han sjølv var nok treet; og øfsi — Guds eigi øfs — hadde vore lyft upp, hadde blenkt stygt hver honom i natt.

Han slutta aa drikkja med ein gong. Sterk som han er, samla ha ungdomen straks og skipa eit avhaldslag, og no er mest heile grendi avhalds-folk. Dei kjem saman i den store røykstova hans um fundagskveldarne, les og syng og hev ordskifte; og sjølv stend han for styret. Det er hugnad aa koma inn til han Torstein no; han er mest ikkje til aa kjenna att.



Lejebok for folkeskolen.
1909.